

Endeleg siger for A-laget.

02.10.2016



Fleire gutespelarar er no komne inn på dette laget. Det ser ut til å slå positivt ut!

I dei siste kampane har Rosendal valt å bruka fleire av gutespelarane. Dette ser ut til å vera eit godt val. Sist helg var det mange lyspunkt for tabelljumboen i 5. divisjon avd. 3. Rett nok vart det 0-1 tap mot Smørås 2 på heimebane. Laurdag kom sigeren. Då vann Rosendalslaget 4-2 på bortebane mot Nore Neset som ligg midt på tabellen.

Fleire svært unge uskedelingar spela kampen. Dei tre gutespelarane Torstein Myklebust, Sander Myklebust og Mats Løland Eik var alle i startoppstillinga. Unggutane får mykje ros for innsatsen av spelande trenar Kjetil Helvik. I tillegg spela også Hans Fredrik G. Zimmer, Dag Rune Mylebust og Torbjørn Steinsvik her frå bygda kampen.

Hans Fredrik scora eitt av måla, medan Vegard Iversen(2) og Kenneth Gjuvsland sette inn dei tre resterande måla. Sjølv med denne solide sigeren, ligg Rosendal så langt bak dei andre laga at sisteplassen og nedrykk er uunngåeleg etter årets sesong. Derfor er det viktig å tenkja framover mot neste sesong, og det er lovande sidan unggutane viser så fin innsats.

Resultat og tabell finn de [her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen/Jonn Karl Sætre.